

# Lofthus


## PROST NIELS HERTZBERG – EIN PIONER

*For godt og vel 200 år sidan starta presten NIELS HERTZBERG klimaobservasjonar på prestegarden på Lofthus i Ullensvang. Hertzberg var på mange felt ein aktiv føregangsmann, med stor interesse for naturvitskap. Temperatur og lufttrykk på prestegarden vart avlesne dagleg – ofte fleire gonger om dagen – med eigenproduserte instrument. Dei meteorologiske målingane starta i desember 1797 og vart ikkje avbrotne før i 1840, året før han døydde.*

Etterkomaren i embetet hadde ikkje dei same verdslige interessene, og det vart slutt på observasjonane då han overtok prestegarden. Men i 1865 tok presten HANS IRGENS opp att rutinen med


daglege temperaturavlesingar. Og sidan Irgens' tid har tradisjonen vore halden i hevd, berre med mindre avbrot.

Observasjonane i Ullensvang i åra 1797–1840 har spesiell interesse, ettersom dette



Akvarell av frukt-bagen og prestegarden i Ullensvang, måla av prost Niels Hertzberg 1820.

er dei eldste komplette temperatur- og lufttrykkobservasjonane som er utførte i Noreg over så mange år. Fagmiljø ute i Europa vart tidleg merksame på desse målingane. Hertzberg sjølv publiserte dei første 15 åra av måleserien i 1813 i *Historisk-Philosophiske Samlinger*. 25-årsserien kom i *Magazin for Naturvidenskab* i 1824. I 1831 har von Kämtz teke med middeltemperaturar frå denne serien i si *Lehrbuch der Meteorologie*. Frå denne boka vart så klimatabellane frå Ullensvang kopierte i mange andre seinare fagbøker.



Figuren viser gjennomsnittstemperaturar for våren (mars-mai) kvart år i 200-årsperioden 1798–1997. Det er om lag 7 °C skilnad mellom den varmaste og den kaldaste våren. Dei lågaste middeltemperaturane finn vi i 1812, då månadsmiddelen for mars og april var høvesvis 5,6 og 5,1 °C under dagens normalverdiar på 1,7 og 5,2 °C. Den varmaste våren finn vi i 1832, då middelverdiane for dei same månadene var høvesvis 2,3 og 4,1 °C over normalane i vår tid. Samanlikna med dette har kanskje ikkje år-til-årsvariasjonane og avvika frå normale tilstandar vore spesielt dramatiske dei siste 30–40 åra.

## FRUKTDYR KING PÅ FLAUMSKREDMASSAR

Gamlevegen gjennom Opedal og Helland i Lofthus gir ei vakker innføring i fruktriket, både i blømingstida og i innbaustingstida. Inst i den breforma dalen kastar fossen Skrikjo seg utfor frå nesten 1000 meters høgd. Breen skapte ikkje berre brattlende for imponerande fossefall; for bøndene er lausmassane på den store elvevifta frå brua inst i dalen og beilt ned mot sjøen viktigare.

Det må ha vore ein imponerande bre som kom ned frå vidda og utfor den bratte dalenden for 11000 år sidan. Breen skuva saman ein enorm sidemorene, størst på nordsida, der bustadfeltet Legene no ligg. Blokker så store som bus vart strødde ut på eit delta som breelva hadde avsett i fjorden, som då stod 100 meter høgare enn

i dag. Før breen forsvann beilt, gjorde han endå ein framstøyt. Det siste krafttaket avsette morenerygger både ovanfor barnebagen og på andre sida av dalen. Bak denne «demning» vart det danna ei større elveslette, Tveitane, ved 140–165 meters høgd.

Slik gjorde breen grovarbeidet og fekk massane på plass. Etter at breen forsvann, byrja landet å stiga. Då tok elveprosessar over med flaumskred som omlagra jorda.

Dei store steinane på overflata gjorde at elva ikkje greidde å skjera seg særleg mykje ned i terrenget. Under flaumperiodar skifta ho løp fleire gonger, og fordelte materialet utover den breie elvevifta. Etter ei tid skar elva seg likevel litt ned i denne vifta. Dermed greidde ho å leggja opp ei lågare vifte, med rot punkt om lag der riksvegen kryssar elva ved Gjestheimen.

Frå Helland mot dalenden med Skrikjo. Gardane midt på bildet ligg på flaummassar:

(Svein Nord)

Kart over lausmassane i Opedal.

(Inge Aarseth/Eva Bjørseth)

